



Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB scanpix

KNUST: Skiløparen Therese Johaug fortalte at ho er heilt knust etter doping-avsløringa. Ho seier ho ikkje er skuldig i doping.

For strengt?

● **Skistjerna Therese Johaug ventar på dom om doping. Det hjelper neppe om ho er uskuldig i juks.**

– Det handlar ikkje om ho er skuldig, eller ikkje. Ho må ta ansvaret. Det er eit brutalt system i idretten. Ikkje eingong kriminelle blir dømt slik, sier Morten Steenstrup til avisa VG. Han er advokat.

Skiløpar Therese Johaug testa positivt på doping. Ho brukte ein krem på ei solbrent leppe. Legen til landslaget gav henne kremen. Men den hadde eit ulovleg stoff i seg. Johaug fekk eska, men såg

ikkje åtvaringa på pakken.

– Eg er heilt knust. Dette er ikkje min feil, sa Johaug i førre veke. Legen slutta i jobben sin. Johaug ventar på dom og straff. Stiftinga Antidoping Norge etterforskar saka.

Johaug var ikke blitt testa for doping på fire månader før den positive prøva. Førre test var i mai, ifølgje VG. Johaug får kritikk frå fleire ekspertar og aviser i utlandet. Dei meiner ho lyg.

Karin Flølo
karin@klartale.no

Lekkasje kunne teke liv

ULYKKE: To gonger lak det gass frå plattformer i Nordsjøen i helga. Det brann også på plattforma Statfjord A. Folk kunne ha døydd i ulykkene, meiner Petroleums-tilsynet. Dei undersøker kva som skjedde på plattformene.

Mor Europa
hjelpete
flyktningane

Les meir på side 2

Trump skal skremme veljarar

USA: Om få veker skal folket velje ny president i USA. President-kandidat Donald Trump skal bruke tida før valet til å skremme veljarar. Dei skal skremmast frå å røyste på motstandaren Hillary Clinton. Det skriv avisa VG.

Foto: Bernd von Jutrczenka / DPA / AP / NTB scanpix



BILETE: Ein flyktning sikrar seg eit bilete saman med Angela Merkel i Berlin i 2015.

Frelsaren Angela

● **Angela Merkel vaks opp med krig. No blir sjefen av Tyskland straffa fordi ho hjelpte 1 million flyktningar.**

Den tyske statsministeren Angela Merkel er skuffa. Folk i Berlin har akkurat røysta. Mange vil ikkje ha henne. Fleire vil heller ha politikarar som er kritiske til innvandring.

Flyktningar fylte togstasjonane for eitt år sidan. Barn og vaksne kom slitne og svoltne til Tyskland. Dei blei ønskt velkomne. Flyktningane hadde overlevd ei livsfarleg reise.

Merkel og Tyskland tok imot meir enn 1 million flyktningar i fjor. Noreg opplevde kaos av å ta imot 31.000 personar.

Merkel blir kalla «Mor Europa». Ho vart symbolet på godleik.

– Eg trur ikkje Merkel tok imot flyktningar for å vere snill. Ho er oppteken av at menneske skal behandlast verdig, seier journalist Ingrid Brekke til Klar Tale. Ho har skrive bok om Merkel.

Statsministeren blir straffa. Ikkje berre fordi Tyskland tok imot så mange flyktningar. Det skjedde fleire blodige angrep i sommar. Asylsøkarar angreip og drap tyskarar. Leiarar frå heile verda støtta Merkel. Men mange veljarar orkar ikkje meir.

Merkel verkar mystisk. Ho fortel ikkje så mykje om livet sitt. Ho er gift med

professoren Joachim Sauer. Dei har ingen barn. Merkel blei fødd i Hamburg i Vest-Tyskland i 1954. Men ho vaks opp i Aust-Tyskland, som blei styrt av Sovjetunionen.

Det var ein kald krig mellom landa i aust og vest på den tida. Det blei sett opp ein mur i Berlin. Den skulle hindre folk i å flykte til vest.

I år 2000 blei Merkel leiar av partiet CDU. Ho har vore statsminister i landet sidan 2005. Neste år er det val i Tyskland.

Karin Flølo
karin@klartale.no

Kort fortalt

Lokkførarar fortset streiken.

Fleire tog på Austlandet står i ro. Det går også færre tog mellom Oslo og Bergen og på Vossebanen.

Foto: NTB scanpix



Islamsk Råd Norge har valt nytt styre. Det gamle styret slutta i protest i sommar.

800 personar har juksa seg til opphald i Noreg. Det meiner styresmaktene. Utlendingane skal sendast ut av landet.

Straumen blir dyrare. Prisen har auka med 46 prosent. Kaldt og tørt vêr har skylda.

ORD I NYHENDA

Foster-reduksjon

● Kvinner frå utlandet får lov å reise til Noreg for foster-reduksjon. Dei vil fjerne eitt av fleire foster frå magen.

«Foster-reduksjon» består av to ord. «Foster» er det som etter kvart blir til eit barn i magen. «Reduksjon» betyr at det blir mindre av noko.

Alle kvinner som er i Noreg, har lik rett til abort og foster-reduksjon. Det seier dei nye reglane til Helsedirektoratet.

– Dropp nikaben

POLITIKK: Religiøse plagg som nikab passar ikkje inn i det norsk samfunnet. Muslimar bør ikkje bruke nikab på jobb. Det meiner innvandringsminister Sylvi Listhaug.



FLUKT: Bara'a på 10 år er på flukt frå Syria. Ho lengtar heim.

No kan du hjelpe

BISTAND: Søndag bankar frivillege på døra di. Dei samlar inn pengar til den årlege TV-aksjonen. I år går pengane går til Raudekrossen. Dei skal hjelpe folk i land som Syria, Libanon og Sør-Sudan. – Frivillige gjer ein utruleg innsats for å redde liv, seier Sven Mollekleiv. Han er president for Raudekrossen i Noreg.

VERDA

Asylmottak brann

SVERIGE: 40 personar måtte reddast natt til søndag. Det brann på eit asylmottak i Stockholm. Nokon starta truleg brannen med vilje.

Fleire fattige

ASIA: Mange bønder i Sør-Asia vil tene mindre pengar og svelte. Det vil også bønder i Afrika. Det skriv verdsorganisasjonen FN i ein ny rapport. Endringar i klimaet kan gi 122 millionar fleire ekstremt fattige.

Foto: NTB scanpix



Skal ta byen Mosul frå IS

IRAK: 1 million menneske må flykte frå Mosul i Irak. Det fryktar verdsorganisasjonen FN. 30.000 soldatar kjempar for å ta tilbake byen. Terrorgruppa Den islamske staten (IS) har styrt der sidan 2014. Irak får hjelp av USA og fleire andre. Irak har åtvare vanlege folk om kampene.

Kort fortalt

Fleire lastebilar med nødhjelp har blitt angripne og plyndra i Haiti. Verdsorganisasjonen FN fryktar det skal skje igjen.

Den eldste pandaen

i verda er død. Jia Jia i Hongkong blei 38 år gammal.



Foto: NTB scanpix

Våpenkvila i Colombia skal vare lenger. President Juan Manuel Santos håpar å få til ein ny fredsavtale med geriljagruppene FARC og ELN før nyttår.

MITT ORD



Foto: Sjukehusklovnene

«Beate Kræsj Pling» er sjukehusklovn. Klovnane fyller 15 år. Dei feirar med førestillingar og auksjon.

Får barn til å le på sjukehus

– **Kva er favorittordet ditt?**
– «Fortryllande».

– **Kvifor liker du dette ordet så godt?**

– Det minner meg om eventyr. Farmora mi sa alltid «ååå såååå fortryllande» og sende meg slengkyss.

– **Kva ord liker du ikkje?**

– Eg liker i alle fall ikkje når nokon bruker stygge ord om folk. Dottera mi liker ikkje ordet «matpakke».

– **Kva er eit typisk klovneord?**

– «Schmokk». Ein kan schmokke litt rundt omkring. Og då kan alt skje. Det konkurrerer med ordet «krønsj».

– **Kva ord skildrar deg best?**

– «Rar», kanskje. Og «snill», seier folk.

Karin Flølo

karin@klartale.no

Norsk barnebok på russisk

LITTERATUR: Bøkene om «Detektivbyrå nr. 2» skal seljast i Russland. Det er krimbøker for barn og unge. 17 land sel desse. Forfattar Jørn Lier Horst har skrive bøkene. Hans Jørgen Sandnes har teikna. Dei er overraska og glade over at bøkene er så populære, skriv nyhendebyrået NTB.

Populær Dylan

LITTERATUR: Folk er meir interesserte i artisten Bob Dylan. Han vann Nobels litteraturpris for sangtekstane sine i år. Bøker med tekstane hans sel bra. Og stadig fleire høyrer på musikken hans.

FILM



Foto: www.thingstocomefilm.com

Kvar blei det av lykka?

» Nathalie underviser i filosofi på ein skule i Paris i Frankrike. Ho likar å få elevane til å tenke. Ektemannen forlèt henne for ei anna kvinne. Då må Nathalie finne lykka i livet sitt på nytt. Franske Mia Hansen-Løve har regissert filmen. Den heiter «Dagen i morgen». Filmene er tillaten for alle.

Foto: NTB scanpix



Noregs nye HBO-stjerne

TV: Thea Sofie Loch Næss er 19 år. Ho skal spele hovudrolla i ein ny serie laga for kanalen HBO. Næss seier ho har fått rolla i serien «Mogadishu, Minnesota». Ho skal spele amerikanske Lacy. Men meir enn det vil ho ikkje fortelje, ifølgje avisa Universitas.